



Rosendal (med spelarar frå Uskedalen) har gjort det godt før i Norway cup, til dømes dette jentelaget i 2008

Rosendal/Uskedalen stillar med 6 lag i årets Norway Cup og puljeoppsettet er no klårt. Det er slik:

Gutar 11-ar, 15/16 år:

Rosendal, Skedsmo 2, Stjørdals-Blink og Vestby

Gutar 11-ar, 13 år:

Husøy & Foymland, Lyn 2, Rosendal/Uskedal og Stegaberg

Gutar 7-ar, 13-14 år:

Åheim, Dyre Vaa, Rosendal/Uskedal og Skavøypoll

Jenter, 11-ar, 14 år:

Førde 2, Hadeland KFK, Rosendal og Surnadal

Jenter 7-ar, 15/16 år:

Brattvåg, Romsås, Rosendal 2 og Svolvær

Jenter 7-ar, 15/16 år:

Hadeland KFK, Rosendal 1, Sokndal og Træff

- Vi har aldri stilt med så mange som 6 lag, det har stort sett vore 3 eller 4. Vi skal ha 2 bussar austover og det vil ikkje forbausa meg om vi blir rundt 200 herifrå på Ekebergsletta denne gongen når foreldre og supportarar elles reknast med. Dette blir litt av ein operasjon, seier den utrettelege primus motor Arvid Nes til uskedalen.no

Han har særleg store forventningar til gutelaget med 13-åringar og eitt av jentelaga med 15- og 16-åringar, men strekar under at det er i teorien, Mykje kan skje i kampens hete!

Det blir uskedelingar å finna på alle 6 lag, trilig tilsaman 16 spelarar. Norway Cup, verdas største fotballturnering, startar 29. juli og sluttar 4. august. 1600 lag vil vera i aksjon.

* På laget for gutar 15/16 år spelar Hans Fr. Zimmer og Hermund Døssland

* På laget for gutar 13 år spelar Emil Bakke Berntsen og Martin Yri Røssland

* På laget for gutar 13/14 år spelar Sondre Myklebust, Karsten A. Haugland, Marius Myklebust og Kjartan Tungesvik. Trenar Åge Myklebust blir også med.

* På laget for jenter 14 år spelar Solveig Haugland og Rebekka Hauge.

' På det eine laget for jenter 15/16 år spelar Anne Marte Zimmer, Kari Bråtun, Ingebjørg Haugland, Karoline Isdal Amundsen og Katrine Yri Røssland.

* På det andre laget for jenter 15/16 år blir det truleg med 2 frå Uskedalen

Tekst: Ola Matti Mathisen